



Nye Sogndal kommune

Saksnr.
17/3734-13

Eining/avd/saksh.
FELLESN//20KJEBAR

Arkiv
005

Dato
21.03.2018

Referat

Politisk prosjekt - felles kultur, identitet og symbol arbeidsgruppe

Møtenummer: 4	Møtedato: 16.03.2018
Deltakrar: Aud Kari Isane, Trude Risnes, Kjetil Kvåle, Frode Bøthun, Rita Navarsete, Sekretariat: Johannes Sjøtun, Kjell Einar Barsnes	Ref. sendt til: Aud Kari Isane, Trude Risnes, Kjetil Kvåle, Frode Bøthun, Rita Navarsete, Johannes Sjøtun, Maj Britt Brendstuen

Saksliste

1. Møtereferat 8.3.2018

Godkjent

2. Invitasjon til idékonkurranse(endeleg tekst i brevet)

Grappa vart samd om Trudes forslag, utanom dei siterte reglane. Det er ikkje sikkert at desse reglane gjeld lenger. Endeleg invitasjon vert ei samansmelting av Johannes og Trude sine forslag.

Administrasjonen ved Kjell Einar tek seg av utsending.

3. Plan for oppfølging og arbeidsfordeling av idékonkurransen

Vi bør sende ut brev om konkurransen seinast måndag 19. mars. Aud Kari la fram «kommunikasjon ut i samband med konkurranse om kommunevåpen.» Vi diskuterte oppgåvefordeling og aktuelle ressurspersonar. Frode vil høyre med Sygna vgs. Kjetil vil kontakte Høgskulen på Vestlandet (HVL).

Ein bør presentere prosessen rundt på skulane, men ikkje alle lag og foreiningar er like aktuelle. Pensjonistlag vil ha interesse av dette så vel som historielag/sogelag, bibliotek, avis, samt sosiale medium. Administrasjonen vert gjeve ansvar for å formidle dette i relevante medium.

Vedlagt ligg forslag frå Aud Kari på kven som føl opp kven/kvar.

4. Framlegg for plan og prosess for å velje nytt kommunevåpen

Framlegg til overordna «Plan for prosess vart drøfta» og godkjent med ei mindre endring.

Ordførarkjede må takast som ein eigen prosess med eit eigne punkt for utforming og produksjon av ordførarkjede.

Først må planen med korleis kommunevåpenet skal sjå ut, setjast i verk. Ein bør lage plan for innkjøp og produksjon av ordførarkjede.

Grappa ser føre seg dette løpet:

- Haust 2018: Utarbeide eigen plan
- Vår 2019: Godkjenning
- Haust 2019: ordførarkjeda skal i produksjon

Når vi no går til fellesnemnda er det fleire dokument: kommunevåpen, ordførarkjede, programplanen vår. Fleire ledd som heng i hop i mandatet.

5. Felles kultur og aktivitetsprogram

Målet er å byggje identitet med næringsliv, forvaltning, organisasjonar og frivillig sektor. Kommunikasjon og informasjon vil vere ein del av leveransen.

Grappa føreslår to typar arrangement:

- i regi av lag og organisasjonar
- arrangement i regi av Fellesnemnda/arbeidsgruppene

Grappa gjer framlegg om at det vert etablert eit «bli kjent-fond» der lag og organisasjonar kan søkje om støtte til arrangement.

Retningslinjer for fondet må vi komme i gang med. Vi må ha med kriterium for saksbehandling av søknader til fondet. Administrasjon lagar framlegg til neste møte. Vi kan få innspel frå HVL, og bør gjere noko retta mot ungar og ungdom. Lågterskelarrangement heller enn store arrangement, var konklusjonen. Vidare kan vi kontakte andre kommunar som har gjort same prosess.

Kommunikasjonsplan og kommunikasjonsstrategi vil vere overordna, og viktig for at vi skal lukkast. Viktig å få med næringslivet på kulturbygging. Leveransen er ikkje uttømmende. Å få på plass kommunikasjonsansvarleg er viktig og det hastar. Korleis kan vi få vekk desse fysiske og mentale grensene?

Det har stor relevans å bli kjende med kvarandre, kva næringslivet driv med på tvers av stadane. Det må komme ei tinging frå grappa, for bedriftene er opptekne nok av produksjon og leveransar.

6. Kostnadsestimat

Vi skal leggje fram budsjettet for fellesnemnda den 5. april. Førebels kostnadsestimat som utgangspunkt for vidare arbeid med budsjett vart drøfta og omarbeida.

Møteutgifter, utan administrative ressursar: 5.000 - 6.000 kr per møte.

Estimatet er eks. produksjonskostnader av materiell. Totalkostnad kr **1.150.000,00**

Administrasjonen kjem med forslag til budsjett og reglar til neste møte.

Vi ønskjer å få til noko, med identitetsbygging. Sjølv om vi vil oppretthalde grendene, er det viktig å gjere noko i lag.

7. Kommunikasjonsstrategi

Prosjektorganisasjonen må følgje opp arbeidet med kommunikasjonsstrategi.

8. Neste møte

Til neste møte legg leiaren og administrasjon fram møteplan. Forslag om veke 17 mot slutten av april.

Vedlegg: Kommunevåpen – plan for prosess